

Nye forskriftskrav om forureining = heilt ny jungel av miljøkrav?

Miljøseminar akvakultur 2024 i Florø

Gunn Helen Henne, miljøavdelinga hjå Statsforvaltaren i Vestland



Statsforvaltaren i Vestland



26.04.2024



Løyve blir unødvendig?

Er det fritt fram for alt frå 2. februar 2024?

Ja... 

Forurensningsforskriften § 34-2, 1. ledd:

«Det er tillatt å drive akvakultur uten særskilt tillatelse etter forurensningsloven § 11 dersom lokaliteten er klarert for virksomheten i henhold til forskrifter fastsatt i medhold av akvakulturloven.»

Hovudregel:
Akvakulturanlegg er tillatne etter forurensningslova utan særskilt løyve, når lokaliteten er klarert

Akvakulturdriftsforskriften § 70, 5. ledd

«**Tillatelser gitt** med hjemmel i forurensningsloven § 11 før 2. februar 2024 **faller bort 2. februar 2026...**»

...og nei 

Dersom utanfor virkeområda i § 34-1:

- **Anlegg til havs**
- **Lukka/semilukka anlegg**
- Fangstbasert, mellomlagring, slaktemerder

Dersom miljøkonfliktar i § 34-2, 2. ledd slår inn:

«Statsforvalteren **kan** likevel bestemme at akvakultur er ulovlig uten særskilt tillatelse etter forurensningsloven § 11, dersom (...)»

Fire unntakskriteriar knytt til:

- Vannforekomstens miljøtilstand**
- Trua/viktig naturmangfold**
- Resipienten si tålegrense**
- Andre særlige forhold**

«...med mindre statsforvalteren bestemmer noe annet ved enkeltvedtak.»

Så kva var poenget med forskriftsbehandling?



Likebehandling

- Slutt på ulike krav ut frå alderen på løyvet
- Like «strengt» i alle fylke
- Nye/endra krav frå miljøforvaltninga vil bli innført for alle anlegg på likt

Meir føreseielege krav

- Standardiserte miljøkrav er komne inn i **akvakulturdriftsforskrifta**, du veit kva som er standardkrava allereie før du søker
- Nye/endra krav vil komme på høyring, som forskriftsendringar



Så kva var poenget? (2)

Forenkling?

- **Nye etableringar** får dei nye driftskrava om forureining ved godkjenning, gjeld altså alt etter 2. februar **2024**
- **Eksisterande løyve** gjeld inntil dei fell bort 2. februar **2026**, og får forskriftskrava då
 - Vilkår i løyva som er «mildare» enn dei nye standardkrava fell også bort, dei det gjeld må søke om dispensasjonar
 - Eksisterande løyve frå før februar 2024, der det blir søkt om endringar før februar 2026?
-> Får dei nye forskriftskrava, men gitt som løyve, som skal opphevast/falle bort 2026
- **Mellombels løyve** – kva skjer med dei?
 - Utløpsdato før 2. februar 2026 – må sende ny søknad om å ev. forlenge, som skal behandlast etter nytt regelverk
 - Utløpsdato etter 2. februar 2026 – Statsforvaltaren må vedta omatt at løyvet skal gjelde fram til utløpsdato?
- Burde vi få forskriftsendringar allereie no, for å presisere overgangsreglane betre?
Behov for meir tydeleg rettleiing til både forvaltninga og næringa.


Effektivisering?

- Ikkje nokon kjapt foreståande gevinst i sikte enno, men på sikt blir allting sikkert bra 😊



Søknader

HOVEDREGEL



Særskilte forhold:

- Vannforekomstens økologiske eller kjemiske tilstand er klassifisert som dårligere enn god (vannforskriften)
- Det er grunn til å tro at arter eller bestander som er truet eller marine naturtyper som er truet eller viktige kan bli negativt påvirket av forurensning fra virksomheten
- Det er grunn til å tro at utslipp fra virksomheten vil bidra til at resipientens tålegrense overskrides
- Andre særlige forhold



Kva er nytt av krav til miljødokumentasjon?

Laksetildelingsforskriften § 8-9 (... og andre arter § 10b)

- Krav til forundersøkinga – mesteparten er kjent stoff
- Nytt: Forundersøkinga skal no inkludere «**nullundersøking**» for **miljøgifter** i minst to punkt, og **hydrografiprofil** på djupaste punkt i overgangssona pluss ev. djupområde med O2-risiko
- Og **fylkeskommunen** kan be om meir: «*Dersom **forundersøkelsen** ikke inneholder tilstrekkelige opplysninger kan fylkeskommunen, etter samråd med statsforvalteren og Fiskeridirektoratet, kreve ytterligere opplysninger eller undersøkelser.*»

Forurensningsforskriften § 34-3

- Tilsvarande for **statsforvaltaren**: «*Dersom **søknaden** om klarering av lokalitet i henhold til forskrifter fastsatt i medhold av akvakulturloven ikke inneholder tilstrekkelige opplysninger kan statsforvalteren, etter samråd med fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet, kreve ytterligere opplysninger eller undersøkelser.*»
- Her knytt til dei kriteria som statsforvaltaren skal vurdere spesielt etter § 34-2 (vannforekomsten, **naturmangfald**, resipienten og «annet»)



Kva skjer dersom du manglar noko?

Laksetildelingsforskriften § 8-9, 9. ledd (... og andre arter § 10b, 8. ledd)

- Manglar ved dokumentasjonen/forundersøkinga:
*«Etter samtykke fra statsforvalteren og Fiskeridirektoratet kan fylkeskommunen i særlige tilfeller **dispensere fra kravene** i denne bestemmelsen.»*
- > Søknadsbehandlinga må vere pragmatisk til ting fell meir på plass
- Så lenge det ikkje går ut over miljøet eller søkjar, eller gir urimeleg forskjellsbehandling
- Kunnskapen om «nulltilstand» for miljøgifter og oksygentilhøva ved lokaliteten, kan t.d. i dei fleste tilfelle innhentast før oppstart
- Det er ein del som framleis manglar mht. rettleiing frå Miljødirektoratet til statsforvaltarane om kva som slår inn når, og korleis ting skal løysast i praksis. M.a. om det uavklarte i «finjussen» treng å påføre oss mykje meirarbeid med søknader.



Miljøovervaking



Organisk påverknad i overgangssona

Akvakulturdriftsforskriften § 40b

- Overvaking med NS 9410 **C-undersøking**, av akkrediterte organ, er hovudregel
- Statsforvaltaren kan vedta
 - Annan frekvens
 - Annan metodikk
- 6-mnd-frist for rapport
- Dårlege resultat = C2-resultat over tilstand II (god), eller andre over tilstand III (moderat), utløyser krav om meir undersøking, og å sende inn ein plan for dette innan 2 mnd. frå rapporten som viste dårlege resultat var klar

Akvakulturdriftsforskriften § 40g

- **Tiltaksplikt** dersom anlegget bidrar til for dårleg miljøtilstand i overgangssona
- **Tiltaksplan** skal sendast inn til statsforvaltaren
- Statsforvaltaren kan vedta ytterlegare tiltak



Miljøgifter

Akvakulturdriftsforskriften § 40c

- Samstundes som overvaking med NS 9410 C-undersøking, utført akkreditert
- **Merkant + alle C-stasjonar**
- Analyse for «alt» ein har hatt utslepp av sidan førre gong det vart målt
- Dårlege resultat = C2-resultat over tilstand II (god), eller andre over tilstand III (moderat), utløyser krav om
 - Meir undersøking av forureininga sitt omfang og miljørisiko
 - Frist for å sende inn plan for dette innan 2 mnd. frå rapportensom viste dårlege resultat var klar
- Rapporteringsfrist «så snart resultatene foreligger»

Akvakulturdriftsforskriften § 40h

- **Tiltaksplikt** dersom miljøgifter gir daud botn eller brot med mål etter vassforskrifta
- **Tiltaksplan** skal sendast inn til statsforvaltaren
- Statsforvaltaren kan vedta ytterlegare tiltak



Oksygen

Akvakulturdriftsforskriften § 40d

- Dersom C-undersøkingar eller anna kan tyde på at anlegget sine utslepp kan bidra til oksygenmangel i djupvatnet, utløyser det krav om **hydrografimålingar** (inkl. få med nivået på antatt årsminimum)
- Plan for dette skal sendast inn til statsforvaltaren «så snart den foreligger», men minst 2 mnd før oppstart av målingar
- Kompetent, uavhengig organ
- Rapporteringsfrist «så snart som mulig», men seinast 1. mai
- Ved dårlege resultat med mogleg kobling til anlegget skal rapporten også ha vurdert behov for tiltak



Strandsona

Akvakulturdriftsforskriften § 40e

- **Årleg, enkel strandsonesjekk** for synleg påverknad eller avfall frå drifta.
- Plikt til å fjerne ev. avfall frå drifta
- Statsforvaltaren kan ved behov pålegge meir omfattande overvaking og/eller deltaking i fellesovervaking av **tilstanden for makroalgar**

Akvakulturdriftsforskriften § 40h

- **Tiltaksplikt** dersom synleg forureina strandsona knytt til anlegget
- **Tiltaksplan** skal sendast inn til statsforvaltaren
- Statsforvaltaren kan vedta ytterlegare tiltak



Andre nye forskriftskrav?



Div. forureiningsnytt i akvadriftsforskrifta

- § 16 – **ensilasjetankar**, sikre mot utslepp
- §§ 41 og 42 – **journalføring**, på lokalitet og produksjonsenhet, m.a. om forbruk av kjemikal og legemiddel, type notimpregnering/notreingjering, naboklager på lys, støy eller lukt, fôrtypar og innhald av framandstoff i fôret
- § 44 – **månadsrapportering**, mykje same som over, men rapporteringa om fôret sitt innhald, forbruk av legemiddel og bruk av notimpregnering er ikkje sett i verk enno (kjem seinare)
- § 46 – **Vannmiljø**, krav om registrering av alle relevante miljøovervakingsdata
- § 46a – **reingjering av not**, tiltak mot utslepp av miljøfarlege kjemikal
- § 46b – **støy, lukt og lys**, m.a. standardgrenser for støy, krav om varsling til naboar av ekstraordinær støy (ekstra støyande aktivitet, varer over fleire dagar)



Hjelp?

Rettleiing og informasjon



Miljødirektoratet

- [Havbruk får nytt forurensningsregelverk](#) – nettsak om forskriftsreguleringa
- [Akvakultur - oppdrett](#) – litt om alt
- Jobbar med meir rettleiing til statsforvaltarane (og næringa) om forskriftsreguleringa

Statsforvaltaren i Vestland

- [Nytt forureiningsregelverk for akvakultur av fisk i sjø](#) – nettsak om forskriftsreguleringa
- [Korleis sikre godt nok kunnskapsgrunnlag i akvakultursaker?](#) – gammel, men enkel oversikt til kartlegging av naturmangfald - inntil offisiell veileder kjem
- Ta kontakt, så rettleier vi så godt vi kan

Fiskeridirektoratet

- [Vil ha bedre kartlegging av sårbar natur](#) – metodikkforslaget for naturkartlegging som ligg hjå departementa
- [Akvakultursøknad](#) – søknadsportal og veiledning for å sende inn søknad

Havforskningsinstituttet

- [Program for overvåking av fiskefôr](#) – oversikt over kjente framandstoff i fôret
- [Rapporter | Havforskningsinstituttet \(hi.no\)](#) – dei årlege risikorapportane ligg her

Jungelen av miljøkrav er ikkje så veldig ny – og heller ikkje heilt uframkomeleg!

Gunn Helen Henne

senioringeniør på miljøavdelinga

gunn.helen.henne@statsforvalteren.no



Statsforvaltaren i Vestland

Facebook @SFVestland

Twitter @SFVestland

LinkedIn @SFVestland

Abonner på nyhende www.statsforvaltaren.no/vl